



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 27.04.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 17:23

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalsleiar
Bente Jorunn Sundheim	H	Nestleiar
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem
Terje Davidsen	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Anny Bjordam Leiren	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørg Aase Nottveit Hop	AP	Anny Bjordam Leiren, H

Andre møtande:

Ordfører
Ass. rådmann
Representant frå økonomiavdelinga
Ein representant frå Deloitte
Roger Erlandsen, sekretær



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
07/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
08/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
09/2016	REFERATSAKER OG MELDINGAR
10/2016	ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER
11/2016	REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET
12/2016	REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF FOR 2016 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET
13/2016	FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK
14/2016	ANDRE SAKER/DRØFTINGAR
15/2016	REVISJONSTENESTER



07/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Revisjonsberetning og revisjonsrapport for kommunen, og uttalelse om særregnskapet for AO-senteret blei mottatt først 25. april. Kommunen sendte ut vedlegg til rekneskapa kort tid før møtet.

Terje Davidsen viste til sak 05/16 i møtet 27.01.2016 der han blei rekna som inhabil. Sak 13/16 omhandlar same tema, og han blei derfor rekna som inhabil, og fråtrjedde i saka.

KONT - sak 07/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

08/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

KONT - sak 08/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



09/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

- Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vaksdal kommune
- Fråsegn om årsrekneskapen 2015 for Vaksdal kommune, frå Deloitte
- Revisjonsrapport Vaksdal kommune 2015, frå Deloitte
- Uttalelse om særregnskapet 2015 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter, frå Deloitte
- Fagkonferanse Kontroll og tilsyn 7. - 8. juni 2016

KONT - sak 09/2016 Vedtak/Tilråding:

10/2016: ORIENTERING OM OMSORGSBOLIGER

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om omsorgsboliger til orientering.

Kontrollutvalet 27.01.2016

Behandling:

KONT - sak 03/2016 Vedtak:

Saken vert utsett til neste møte.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Rådmannen skulle gi denne orienteringa i forrige møte 27. januar, men vart forhindra.

KONT - sak 10/2016 Vedtak:

Saka vert utsett til eit seinare møte.



11/2016: REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE FOR 2015 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen for 2015, rådmannen sin årsmelding for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhørande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarenes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommune si økonomiske situasjon for år 2015.

Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsrapporten, og har ut over dette ingen merknader til kommunens rekneskap for året 2015.

Årsmeldinga vert teken til etterretning.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Administrasjonen hadde ein gjennomgang av årsmeldinga, og kommenterte rekneskapstala.

Representant frå Deloitte kommenterte punkta i revisjonsrapporten.

Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka er derfor satt opp igjen i neste møte i kontrollutvalet.

KONT - sak 11/2016 Vedtak:

Saka vert utsatt til neste møte.

12/2016: REKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF FOR 2016 - UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har behandla Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter sin årsrekneskap for 2015. Grunnlaget for behandlinga var den avlagte årsrekneskapen og årsmeldinga for 2015, og revisor si beretning for 2015.

Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhørande spesifikasjonar og noter tilfredsstillar brukarenes informasjonsbehov, og gir uttrykk for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter si økonomiske situasjon for år 2015.



Kontrollutvalet viser for øvrig til revisjonsberetninga, og har ut over dette ingen merknader til rekneskapen til Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter for året 2015.

Årsmeldinga vert teken til etterretning.

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Administrasjonen kommenterte ikkje rekneskapen.

Representant frå Deloitte hadde ingenting å tilføye utover det som står i uttalelsen frå dei.

Saksdokumenta til saka blei sendt ut frå kommunen kort tid før møtet, og medlemene fekk derfor ikkje førebudd seg godt nok. Saka er derfor satt opp igjen i neste møte i kontrollutvalet.

KONT - sak 12/2016 Vedtak:

Saka vert utsatt til neste møte.

13/2016: FØRESPURNAD I SAMANHENG MED BOGE 3 KRAFTVERK

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Terje Davidsen viste til sak 05/16 i møtet 27.01.2016 der han blei rekna som inhabil. Sak 13/16 omhandlar same tema, og han blei derfor rekna som inhabil, og fråtredde i saka.

I samanheng med at formannskapet sommaren 2015 tilrådde konsesjon til Boge 3 kraftverk, blei det spekulert i regions- og rikspressa om mogleg kopling mellom at formannskapet (etter fullmakt frå kommunestyret) snudde kommunestyret sitt vedtak i saka og likevel rådet til konsesjon, og at Trond Mohn gir pengegåver til formål i kommunen.

Kontrollutvalet har motteke melding frå ordfører i kommunen og ein innbygger om å sjå på dette.

I ettertid har nytt kommunestyre i vedtak av den 14.12.2015 endra kommunens tilråding til å likevel gå imot konsesjon for Boge 3.

Kontrollutvalet har i utgangspunktet ikkje til oppgave å ta opp saker som er behandla i kommunestyret. Det som behandles i kontrollutvalet i denne saka er behandlinga i *formannskapet*.



Kontrollutvalet ynskjer å få svar på om formannskapet hadde alle dei nødvendige fullmakter til å foreta eit endeleg vedtak i møtet 17.08.2015, eller om vedtaket skulle ha vore ein innstilling til kommunestyret. Det er ynskjeleg å få klarlagt tidslinjene i saka.

Ordføraren møtte i saka. Han informerte at kommunestyret hadde gjeve formannskapet fullmakt til å ta ein endeleg avgjersle i saka i møtet 17.08.2015. Ordføraren uttalte i møte at han vart kjent med gåva frå Trond Mohn først 10 dagar etter at vedtaket var fatta i formannskapet.

Ut i frå opplysningane som kom fram i møtet kan eit samla kontrollutval ikkje sjå at det fins noko grunn til å forfølge saka vidare.

KONT - sak 13/2016 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå ordføraren til orientering, og eit samrøystes kontrollutval ser saka som avslutta.

14/2016: ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

KONT - sak 14/2016 Vedtak:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland Fylkeskommune inviteras til å informere om deira tilbod til sekretariattjenester.

15/2016: REVISJONSTJENESTER

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Saka blei oppretta i møtet.

Møtet blei lukka, ref. kommuneloven §31, pkt. 5.



Vaksdal kommune

Vaksdal kommune har avtale med Deloitte om levering av revisjonstenester. Avtalen varer 3 år frå 1. juli 2013, med opsjon for oppdragsgjevar til å forlengje avtalen i 1 år på same vilkår.

Innløysing av opsjon på forlengjing av avtalen skal jf. avtalen varslas 2 månader før avtalen går ut.

I møtet behandla kontrollutvalet spørsmålet om kommunen skal innløyse opsjonen, og dette blei einstemmig vedteke.

KONT - sak 15/2016 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Til kommunestyret i Vaksdal kommune, forslag til vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.
